

SAK 05-15 UTVIKLINGSPROGRAMMET FOR BYREGIONAR, GJENNOMGANG AV SAMFUNNSANALYSE HALLINGDAL OG SØKNAD FASE 2

Saksopplysning

Fyrste fase av prosjektet «Framtidstru og vekst i Hallingdal» er gjennomført som ein del av Byregionprogrammet i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

«Utviklingsprogrammet for byregioner er en tilskuddsordning som skal bidra til kunnskap om byenes rolle for regional utvikling, og om betydningen av samspillet mellom byene og omlandet. Målet for tilskuddsordningen er at tilskuddsmottakerne skal komme fram til lokalt forankrte strategier og tiltak med utgangspunkt i samhandling mellom byen og omlandet. En helhetlig samfunnsanalyse skal ligge til grunn for strategier og tiltak. Programmet skal bidra til økt kunnskap om samspill mellom by og omland og styrke disse områdenes regionale vekstkraft, med sikte på utvikling i regionen som helhet.»

I tillegg til målgruppa små og mellomstore byregionar, har programmet opna opp for at mindre stader kunne søke saman med omlandet sitt viss det har karakter av å vera eit regionsenter og /eller tilbyr tenester til omlandet som gir en bymessig status.

Hovudaktivitetane i prosjektet er gjennomført, m.a. med utarbeiding av samfunnsanalyse for Hallingdal, «For egen maskin» (vedlegg 1). På Hallingtinget vil rapporten bli nærmere presentert. Målet for fase 1 i prosjektet var først og fremst å hente inn relevant informasjon og analysar som har overføringsverdi for arbeidet i fase 2,

KMD lyser no ut inntil 91,5 mill. kroner for perioden 2015–2017 til fase 2 av utviklingsprogrammet for byregionar. Formålet for fase 2 er at deltakarane skal koma fram til og setja i verk lokalt forankra strategiar og tiltak innanfor eit tema/samfunnsområde med utgangspunkt i det økonomiske samspelet mellom byen og omlandet for å fremje økonomisk vekst i regionen.

Målet med tilskotet for fase 2 er å gi støtte til å gjennomføre nødvendige prosessar, etablering av nettverksarenaar, delta i nettverkssamarbeidet i byregionprogrammet, kunnskapsinnhenting m.a., for å utvikle strategiar og tiltak som kan bidra til å fremme økonomisk vekst i regionen. KMD dekker inntil 50 pst. av tilskotsberettiga kostnadar. Det vil maks kunne oppnåast 3 mill. kroner i tilskot frå KMD for heile prosjektperioden.

Vurdering

Etter dagleg leiar sitt syn kan det her ligge til rette for eit viktig utviklingsprogram for Hallingdal som i stor grad kan underbyggje og vidareføre tenkinga i Strategisk plan for Hallingdal. Utviklingsprogrammet kan på mange måtar samanliknast med det arbeidet som blir gjort som grunnlag for Strategisk plan for Hallingdal.

I tillegg vil ein gjennom Utviklingsprogrammet få gjort nærmare faglege vurderingar og analysar og koma vidare med strategiar og tiltak. Ut frå det fundamentet me har i Hallingdal

bør grunnlaget for å lykkast med ei vidareføring av eit felles utviklingsprogram vera tilstades. Det overordna og langsiktige målet for arbeidet er å skapa ein moderne og utviklingsorientert region. Utvikle alle delar av Hallingdal med attraktive tettstader, som er klar til å møte framtidas mogelegheiter og utfordringar.

Store delar av Hallingdal ligg for langt unna dei store vekstregionane i landet, og kan ikkje satse på regionforstørring som avgjerande for vekst. Derimot er regionen i stor grad sjølvberga, og arbeidet må ta utgangspunkt i dei ressursane regionen har.

Med bakgrunn i m.a. Menon sin samfunnsanalyse, «FOR EGEN MASKIN», er det satt opp nokre hovudpunkt som kan danne grunnlaget for arbeidet i fase 2.

- *Hallingdal må i stor grad klare seg selv og skape vekst innenfor egen region*
- *Hallingdal = én bo og arbeidsmarkedsregion*
- *Befolkingen i Hallingdal er godt voksen*
- *Stor utflytting som blir kompensert med innvandring*
- *Veksten i Hallingdal drives primært av økt produktivitet*
- *Flest arbeidsplasser i næringer med lav produktivitet*
- *Hallingdal - en region med en fleirkjernestruktur*
- *Gol som regionsenter – hvilken effekt kan dette gi?*

Ut frå m.a. dette er det definert følgjande forslag til hovudmål:

Hallingdal skal utvikle eksisterande og nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske, med høgare utdanning og fagutdanning.

Dette er komplekse utfordringar som kan ha mange ulike tilnærmingar.

Kompleksiteten i prosjektet, med seks samarbeidande kommunar, gir føringar for kva tiltak regionen kan arbeide vidare med. Sjølv om utfordringsbilde for Hallingdal kan framstå som homogent er kommunane ulike og har eigne utfordringar. Dette må det takast omsyn til, alle kommunane må ha ei oppfatning av at fase 2 gagnar eigen kommune.

Ut frå samfunnsanalyse, vurderingar og sett i samanheng med andre tiltak som er prioritert i Hallingdal blir det foreslått at fase 2 skal innehalde følgjande innsatsområde:

- Analyse og vurdering av alle sentra i regionen med sikte på funksjonell fordeling og utvikling i ein fleirkjernestruktur. Klargjera arbeidsdelinga mellom kommunane og den einskilde kommunen si rolle i eit samspel som kan gjera regionen sterkare. Avdekke og dra fordelar av det unike i kvar kommune.
- Vidare utvikling av ulike type veksthus, næringsklynger og interkommunalt samarbeid, basert på ein fleirkjernestruktur, for m.a. å skapa attraktive kompetansemiljø.
- Utvikle eit koordinert og meir slagkraftig næringsapparat
- Arbeide for permanent desentralisert høgskuleutdanning i Hallingdal innanfor nærmere definerte fagområde.
- Utvikle eit samspel med Hallingdal 2020 i forhold til m.a. attraktivitet og rekruttering

For å lykkast vil auka samhandling og samspel vera ein heilt avgjerande faktor, som også må

vidareutviklast. I tillegg vil det vera naturleg at arbeidet i fase 2 blir sett i samanheng med revidering av Strategisk plan for Hallingdal.

Forslag til vedtak

1. Hallingtinget sluttar seg til at kommunane i Hallingdal søker om deltaking i fase 2 av Utviklingsprogrammet for byregionar.
2. Fase 2 skal innehalde følgjande innsatsområde:
 - a. Analyse og vurdering av alle sentra i regionen med sikte på funksjonell fordeling og utvikling i ein fleirkjernestruktur. Klargjera arbeidsdelinga mellom kommunane og den einskilde kommune si rolle i eit samspel som kan gjera regionen sterkare. Avdekke og dra fordelar av det unike i kvar kommune.
 - b. Vidare utvikling av ulike type veksthus, næringsklynger og interkommunalt samarbeid, basert på ein fleirkjernestruktur, for m.a. å skapa attraktive kompetansemiljø.
 - c. Utvikle eit koordinert og meir slagkraftig næringsapparat
 - d. Arbeide for permanent desentralisert høgskuleutdanning i Hallingdal innanfor nærmere definerte fagområde.
 - e. Utvikle eit samspel med Hallingdal 2020 i forhold til m.a. attraktivitet og rekruttering
3. Det skal søkjast om 3 mill. kroner frå utviklingprogrammet.
4. Hallingtinget rår til at kommunane løyver kr. 100.000 kvar til programmet, fordelt over ein tre-års periode.
5. Hemsedal kommune skal stå som formell søker for fase 2 av Utviklingsprogrammet for byregionar.
6. Regionrådet for Hallingdal skal ha prosjektansvaret for utviklingsprogrammet, der Regionrådet er styringsgruppe.
7. Utviklingsprogrammet skal samordnast med revidering av Strategisk plan for Hallingdal

ÅI 12.4.2015

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Samfunnsanalyse for Hallingdal, «For egen maskin», Menon mars 2015

Vedlegg 2: Søknad Byregionprogrammet fase 2, skisse